

# SPRÅKRÅDET

┌  
FAD  
(postmottak@fad.dep.no)

└

REF.  
2007/02626 KU/KU3LNG:akv

VÅR REF.  
200700155

DATO  
17.08.2007

## Høring – referansekatalog over tilrådte og obligatoriske IKT-standardar for offentlege verksemdar

Språkrådet viser til høyringsbrev 31. mai 2007 om etablering av forvaltningsstandardar basert på opne IKT-standardar. Vi har ingen merknader til framlegga frå standardiseringsrådet i FAD om tilrådte og obligatoriske standardar. Vi tek dei tilsende dokumenta til orientering.

Vi nyttar likevel høvet til å vise til punkt 1.1 i St.meld. nr. 17 (2006–2007) *Eit informasjonssamfunn for alle* (grunnlagsdokumentet for høyringa) om "ein heilskapleg IKT-politikk" og minne om ansvaret som det offentlege har for å forvalte dei to norske målformene. I ein heilskapleg IKT-politikk høyrer det heime å sikre at dei tilsette i forvaltninga har administrativ programvare både på nynorsk og bokmål. Dette er med på å gjere det enklare for det offentlege å etterleve mållova, som er ei språkleg regulering av informasjonen frå statsorgana.

Helsing

Sylfest Lomheim  
direktør

Sigfrid Tvitekkja  
fagkoordinator

Kopi: Kultur og kyrkjedepartementet